

## Retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for perioden 2018-2019 i Voss kommune.



**Kommunane har ansvar for forvaltning av tilskot til Miljøtiltak i skog og Skogkultur. Fylkesmannen har ansvar for forvaltning av tilskot til Skogsveg bygging og Skogsdrift med taubane, hest o.a.**

**Meir og utfyllande informasjon for fylkesmannen sitt ansvar finst i «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland».**

### **Lov og forskriftsgrunnlag**

*“Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket”* vart fastsett av Landbruks- og matdepartementet 4. februar 2004 med heimel i lov 27. mai 2005 nr.31 om skogbruk (skogbrukslova). Forskrifta vart sist endra 28. mai 2015.

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne både blir tatt vare på og utvikla vidare.

Kommunen er pliktig til å utarbeide lokale retningsliner for prioritering av søknader etter § 3 i forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK forskrifta).

Det er viktig at skogbruket og skogeigarar får langsiktige og stabile rammer å drive etter, då skogbruket opererer med lange tidsperspektiv.

## **Kommunens prioriteringar av NMSK-tilskot:**

### **1. Miljøtiltak i skog:**

Skjøtselstiltak som tek vare på og utviklar miljøverdiar.

#### **Prioriteringar:**

- Økonomisk tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar.
- Område som er registrert i naturbasen.

#### **Tilskotssats:**

- Miljøtiltak i skog; miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og kulturminne – inntil 100 % tilskot

Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriterer søknader og løyver tilskot (jf. § 6 NMSK forskrifta).

### **2. Skogkultur:**

#### **Prioriteringar:**

- Lovpålagt tilfredsstillande forynging (i hovudsak gran) etter hogst innan 3 år etter hogsten jf. § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i lov om skogbruket vert prioritert.
- Ungskogpleie med sikte på kvalitetsproduksjon , i all ungsog som uavhengig av treslag som høver til veksestaden.

#### **Tilskotssats:**

- Nyplanting i hogstfelt – 30 % tilskot
- Nyplanting; skogreisingsmark, treslagsskifte til gran – 50 % tilskot
- Suppleringsplanting – 50 % tilskot

- Mekanisk etterarbeid – 90 % tilskot (80 % stat + 10 % kommune)
- Avstandsregulering – 90 % tilskot (80 % stat + 10 % kommune)
- Flaterydding – 50 % tilskot
- Kunstig kvisting – 50% tilskot
- Markarbeiding – 50 % tilskot
- Gjødsling fastmark – 40% tilskot

Det vert årleg gjeve 100.000 kr i tilskot frå kraftfondet. Løyvinga vert fordelt på skjøtseltiltak som mekanisk etterarbeid i plantefelt og avstandsregulering.

Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriteter søknader og løyver tilskot ( jf. § 4 i NMSK forskrifta). Løyvinga vil likevel vera avhenging av den årlege løyvinga av NMSK midlar til Voss kommune.

### **3. Skogsveg bygging:**

Voss kommune vil arbeide for at transport av tømmer (frå stubbe til industri) skjer på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte, samstundes som det vert teke omsyn til miljøet. Voss kommune har skrivne opp alle kommunale vegar til 10 tonn aksellast, med unntak av vegar med redusert bereevne. Alle kommunale vegar som har snuplass for vogntog i enden , og som er prøvekyrt, er skrivne opp til 19,5 meter vogntoglengde. Likeins vert vegar som står i BK 10/50 opna for spesialvogntog for transport av tømmer (24 meter vogntoglengde og 60 tonn totalvekt).

Vegbygging skal i perioden styrast etter prioriteringar i forslag til Hovudplan veg for perioden 2014-2025, som vart vedteke i kommunestyre 10.04.2014.

#### **Prioriteringar:**

- Vegar bygde som sams tiltak etter jordskiftelova skal ha prioritet framfor enkeltanlegg
- Anlegg i tråd med forslag til hovudplan for skogsvegar
- Større felles anlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive areal
- Bilvegar
- Ombygging til bilveg
- Traktorvegar i vegklasse 7 i bilvegtrase kan vurderast
- Kommunen kan ved godkjenning av veier for landbruksfremål, setja vilkår om at det skal føreliggja ein byggeplan før anleggsarbeidet vert sett i gang. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.*

#### **Tilskotssatsar:**

Det er fylkesmannen i Hordaland som bestemmer statstilskotet til skogsvegar. Det vert her vist til «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland». Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot.

### **4. Skogsdrift med taubane, hest o.a.:**

Det kan gis tilskot til uttak av tømmer med taubane, hest o.a. En føresetnad for å få tilskot er at det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar i området. Er dette ikkje gjort skal det stillast krav om at dette vert gjennomført. Føremålet med tilskot er å auka skogbruket skogbruket si verdiskaping i vanskeleg terreng.

#### **Prioriteringar:**

- Det er eit krav at område vert forynga som kravd i § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk

og § 6 i lov om skogbruket.

- Vidare er det satt som vilkår at for å få tilskot at alle drifter over 300 m<sup>3</sup> skal godkjennast av fylkesmannen i samråd med kommunen. Drifter under 300 m<sup>3</sup> treng ikkje førehandsgodkjenning.
- Avvirkningsarealet må vere over 3 daa, og ha eit ståande volum på minst 4 m<sup>3</sup>/daa.

**Tilskotssats:**

Det er fylkesmannen i Hordaland som bestemmer statstilskotet til skogsvegar. Det vert her vist til «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland». Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot.